



Arkivnr: 2014/11512-6

Saksbehandlar: Tor Harald Rødseth

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		09.04.14
Fylkesutvalet		23.04.14

Søknad frå Osterøy Ferjeselskap AS om ruteløyve for strekninga Breistein - Valestrand

Samandrag

Osterøy Ferjeselskap AS har søkt om fornying av løyvet sitt for ferjerute på strekninga Breistein - Valestrand. Etter det fylkesrådmannen kan sjå vil alle vere tente med at drifta av det aktuelle sambandet vert vidareført, utan tilskot. Fylkesrådmannen rår difor til at søknaden frå OFS vert imøtekomen.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet godkjenner Osterøy Ferjeselskap AS sin søknad om ruteløyve for 10 år for ferjesambandet Breistein – Valestrand. Fylkesutvalet legg til grunn at drifta vert vidareført utan fylkeskommunalt tilskot.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 27.03.2014

Bakgrunn

Osterøy Ferjeselskap AS (OFS) har i brev av 12.12.13 søkt om fornying av løyvet sitt for ferjerute på strekninga Breistein - Valestrand.

Saksopplysningar

OFS sitt nojeldande ruteløyve går ut 30.04.14. Selskapet søker om løyve for vidare drift utan endringar, så lenge selskapet finn det økonomisk forsvarleg. Drifta finn stad utan tilskot.

I 2013 frakta ferja 405 000 personar og 234 000 personbileiningar (pbe).

Frå hausten av vert det slutt på bompengar på Osterøybrua. Bussar i rute har alltid nytta brua gratis.

I søknaden frå OFS vert det opplyst at ein vesentleg del av driftsinntektene kjem frå kollektivtransporten – dvs rutebussar som følgjer med ferja – og at dei difor finn det naudsynt at buss- trafikken på sambandet held fram så lenge ferja gjer det. I tillegg til nemnde bussar, går det seks dagar i veka bussruter mellom Breistein og Bergens sentrum. Det er ikkje konkrete planar om å endre busstilbodet så lenge ferja går.

I søknaden heiter det m.a «Skulle det då væra ei offentlig interesse for at drifta skal halda fram, må ein laga ein avtale som alle er tent med», men det er presisert at søknaden gjeld løyve for drift utan tilskot. Det heiter vidare at «I dag er det mykje som tyder på at Osterøy Kommune aukar samarbeidet med kommunane i Nordhordland, særleg Lindås. Dette går mykje på skule- og helsesektoren. Slik geografien er, vil det verta lang reise om Arna for å kome seg til Knarvik. Med dagens ferjetilbod kan ein reisa med buss frå Breistein til Myrseter og vidare til Knarvik.»

Høyring

I brev av 21.02.14 frå Osterøy kommune heiter det, etter samrøystes vedtak i kommunestyret, m.a følgjande:

«Osterøy kommune er positiv til søknaden frå Osterøy ferjeselskap AS om å forlenga ruteløyve for sambandet Breistein – Valestrandsfossen. For kommunen er det prioritert å ivareta eit godt kollektivtilbod for dei reisande, og ein ber om at dette må takast omsyn til i den vidare handsaminga.»

I e-brev av 17.03.14 frå Bergen kommune er fylkesrådmannen gjort kjend med byrådet si innstilling til fråsegn frå kommunen. Innstillinga lyder som følgjer:

«Bergen kommune avgir høringsuttalelse til søknad om ruteløyve for strekninga Breistein – Valestrand,



slik det fremkommer av saksutredningen.»

I den aktuelle saksutgreiinga heiter det m.a følgjande:

«Byrådet tiltrer fagetatens synspunkt, og foreslår at kommunen avgir følgende høringsuttalelse:

«Breisteinvegen går fra riksvegen til fergekaia på Breistein og er fylkesveg. Søknaden legger ikke til grunn at trafikken vil øke som følge av forlengningen. Kommunale veger som har kryss med Breisteinvegen er derfor i liten grad berørt av at det eventuelt gis forlenget ruteløyve. Kommunen har derfor ingen innvendinger av trafikal art til at ruteløyvet forlenges.»

Vurdering

Fylkesrådmannen vil tru at bortfallet av bompengar på Osterøybrua vil svekkje ferjeruta sitt trafikkgrunnlag og ser positivt på at OFS vil halde fram med drifta så lenge dei finn det økonomisk forsvarleg. Etter det fylkesrådmannen kan sjå vil alle vere tente med at drifta av det aktuelle sambandet vert vidareført, utan tilskot. Eg viser her m.a til Osterøy kommune si samrøystes tilråding. Fylkesrådmannen rår difor til at søknaden frå OFS vert imøtekomen.